




Oppdrag: Magisk isbit

I dette forsøket skal du løfte opp ein isbit frå vatnet med ein tynn tråd og litt salt.


Du treng:

- ei skål med vatn
- salt
- isbit
- bomullstråd



Gjer slik:

Fyll ei skål med vatn. Legg ein isbit oppi vatnet.
Fukt tråden i vatnet og legg han oppå isbiten.
Strø salt over tråden og isbiten. Vent eit lite minutt.
(Sei gjerne nokre trylleord mens de ventar).



Løft isterningen forsiktig opp frå vatnet.

Magisk, ikkje sant? Hugs å ta eit bilete av den magiske isbiten

Skriv her kvifor du trur isbiten heng fast i tråden.

Til den vaksne: Isen smeltar litt raskare når saltet blir dryst på. Det smelta vatnet renn rundt tråden, og saltet renn bort. Då frys vatnet rundt tråden til is igjen og blir sitjande fast.